

## Vedtak frå Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne i sak om Budsjett 2023 og Økonomiplan 2023-2026:

Eldrerådet fatta følgjande vedtak på møte 05.12.2022 i sak 30/2022:

Eldrerådet støttar Brukarutvalet for institusjonar si fråsegn. I tillegg ønskjer Eldrerådet:

- At det vert gjort forsøk på auka grunnbemanning på institusjon.
- Å rusta opp og tilretteleggja hagen ved Vaksdal Ressurscenter i Maritvollområdet slik at denne kan brukast trygt av bebuarane.
- At det vert sett av midlar til vedlikehold av omsorgsbustadar.
- At det vert sett av midlar til innkjøp av ny bil til transport av dagpasientar og bruk til aktivitetar/utflukter for Frivilligsentralen og Helse og meistring.
- Noko av inntektene frå kraftsalet bør brukast til investeringar/utstyr på sjukeheimane, t.d. sjukesenger og utstyr til pasientvarslingsanlegget på Vaksdal.
- Det bør vera disponible kvitevarer til omsorgsbustadar, kortvarig utlån/leige av kvitevarer til slike bustadar ved trong for det.
- At midlar vert avsett til arrangement i regi av Eldrerådet, t.d. markering av Eldredagen og temamøte.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne fatta følgjande vedtak på møte 07.12.2022 i sak 18/2022:

Rådet tek saka til orientering.